



KVINNHERAD
K O M M U N E

Veg og park

Julie Holmedal Askeland

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Terje Natland	995 74 121	2022/5391-5		26.02.2025

Brøyting i Tveitedalen

Viser til dykkar skriv til ordførar Thea Vaage av 15.02.2025 om brøyting til Tveitedalen laurdag 15.02.2025.

Underteikna har teke dette opp med entreprenør som har ansvar for denne vegen. Dei var der fredag kveld og laurdag formiddag og vurderte det til at det ikkje var trong for tiltak.

Dei vurderte at brøyting på så lite snø ville gjere skade på vegen. Dei lot snøen liggje slik at det vart ein god, køyrbar, såle av snø.

Vi har i ettertid ikkje fått meldingar om anna enn at denne løysinga fungerte godt.

Kvinnherad kommune, Eining veg og park, har eige vaktnummer, 99080539, som kan nyttast utanom arbeidstid om det er hendingar på kommunale vegar.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Terje Natland
Einingsleiar - Veg og park

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.